

Flossvika, 23. mars 2015

Til: Lindås Kommune
Areal- og miljøeininga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Deira ref.: 14/5524 – 15/3300, Inger Opheim Hindenes

Avsendar: Alexander B. Gjerstad og Torbjørg G. Gjerstad Gnr / Bnr 195/67

Merknader til kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Fløsvika bustadfelt gbnr. 196/4 m.fl.

Me visar til kommunens brev av 11. februar 2015 og til at merknader til planframlegget skal sendast kommunen innan 27. mars 2015.

Me har gjennomgått sakspapira og har følgjande merknader:

1. På generelt grunnlag er me veldig positive til den pågåande reguleringsplan i Fløsvika. Denne reguleringsplan vil gjera framkome til eigedomane betre vinterstid og tryggare ved fortau. Det einaste ein stille spørsmål til, er om det vil verta tap av sol for eigendomen vår, samt innsyn frå planlagde bustader liggjande bak vår eigedom?
2. Me har, frå gammalt av, hatt vederlagsfri rett til å bruka denne delen av vegen ned frå hovudvegen som no skal rivast. Me legg difor til grunn at me vil ha den same vederlagsfrie retten til å bruka den nye offentlige vegen (o_SKV1). Dette er også avtalt mellom Veglaget og utbyggjar Fløsvika Utvikling AS v/Kåre Romarheim.
3. Offentleg badestrand nede i Fløsvika:
Korleis har kommunen tenkt at dette skal løysast, med tanke på at vegen ned til denne badevika er privat, vert vedlikehalden av det private veglaget og at det er et minimalt areal til parkeringsplassar?
Vil det verta anlagt offentlig toalett?
Kven er ansvarlig for og halda dette badeområdet rydda, fjerna boss, eingongs-grillar og liknande?

På generelt grunnlag er me veldig positiv til denne utbygginga, då det tilfører bygda fleire innbyggjarar, spesielt småbarnsfamiliar som igjen fører til den vekst som må til for å oppretthalda barnehage og skule. Ut frå det me kan sjå, er planane for dette område gjennomførte med tanke på fellesareal, leikeplassar og ulike typar bustadar. Det er veldig kjekt at det er utvikling og framtidretta planar for dette område!

Alexander Gjerstad & Torbjørg Grøttveit Gjerstad